



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Åsne Hagen, 55 57 22 28

Vår dato
19.06.2017
Dykkar dato
«REFDATO»

Vår referanse
2017/359 621
Dykkar referanse
«REF»

Kommunar i Hordaland

Informasjon – halvårsrapportering og kvartalsrapportering barnevern

Det nærmar seg halvårsrapportering og kvartalsrapportering frå barnevernet. Har du spørsmål, kan du kontakte Mariann Kjelby på tlf. 55 57 20 55.

Halvårsrapporten:

Halvårsrapporten skal sendast elektronisk til Fylkesmannen via sidene til Barne- og likestillingsdepartementet. **Framgangsmåten finn du i vedlagde informasjonsbrev.**

Kvartalsrapporten:

Kvartalsrapporten skal inn som vedlegg til e-post på fmhopostmottak@fylkesmannen.no. Merk e-posten med saksnummer 2017/359.

Nokre praktiske påminningar knytt til kvartalsrapporten:

- Hugs å sende **samlerapport** («framsida») for alle kommunens kontrollskjema. Samlerapporten viser tal på fristoversittingar melding og undersøking, samt kor mange saker der kommunen har utvida undersøkingsfristen.
- I rubrikken som heiter «Antall innsendte skjemaer totalt» på samlerapporten, ber vi kommunen fyller ut **totalt tal på skjema (saker)** i perioden, ikkje berre fristutvidingar og fristoversittingar.
- I desse sakene treng vi òg **dokumentasjon på at foreldra er informerte om at fristen blir utvida**, oftast kopi av brev til foreldra. Hugs å sladre namn og andre lett identifiserbare personopplysningar frå alle dokument og vedlegg. Barnevernstenesta må gi tilstrekkelege opplysningar til at Fylkesmannen kan vurdere om fristutvidinga er innanfor ramma av barnevernslova § 6-9.

Med helsing

Øystein Breirem Jacobsen
seksjonsleiar

Mariann Kjelby
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.